

## **Referat frå elevråd 11.02.25**

Tilstades; Ingveig, Jens, Jonas, Lilja, Jenny, Trym og Kristin.

### **Sak 29) Elevundersøkinga.**

Undersøkinga viser at elevane på Hognestad skule skårer over gjennomsnittet i Noreg på trivsel, motivasjon og mål for timen. Den viser òg at elevane saknar at læraren fortel kva som er bra med arbeidet og fortel kva dei må gjere for å bli betre i faga. Undersøkinga viser også at ingen av elevane kjenner seg krenka av vaksne, men at det er nokre elevar som kjenner seg mobba dei siste månadane (august til november). Det er òg nokre som opplever digital mobbing i same tidsrom.

*Oppgåver til klassane:*

- a) *Korleis kan læraren forklara meg kva som er bra med arbeidet mitt?*
- b) *Korleis kan lærarane forklara meg korleis eg kan bli betre i faget?*
- c) *Kvífor trur du me har så god trivsel på skulen?*
- d) *Kva må me behalda og kvífor?*

### **Sak 30) Olweusundersøkinga**

I veka etter vinterferien vil me gjennomføra den årlege Olweusundersøkinga for 4.-7. klasse. Rektor informerer om kvífor me har undersøkinga, og fortel at den gjev lærarane viktig informasjon om klassen, og om korleis elevane har det, og om me eventuelt må kartlegga eller setja i verk tiltak i nokre klassar. Kvar veke har me veksesjekk i alle klassane (anten skjema der ein krysser av korleis ein har det og om ein ynskjer ein samtale, eller smilefjes), slik at lærarane kan fanga opp viss nokon ikkje har det greitt. Me har Olweus eller Zippy/ple-timar i alle klassane og me har sosiogram to gonger i året der me spør om kven du liker å vera med og kven i klassen du arbeider best i lag med.

### **Sak 31) Tilsetjingar**

Me treng ikkje fleire tilsette, men Asgeir skal ikkje vera her neste år. Årsaka er at kommunen har sett på korleis dei kan spara pengar, og skulen må kutta i leiinga. Kven som skal vera lærar på kva for eit trinn skal leiinga arbeida med framover.

### **Sak 32) Nasjonale prøver**

I og med at trinna er så små på Hognestad skule er det ikkje alle tal og alt me kan gå ut med, men lærarane har sett på resultata og samanlikna med dei siste åra. Dei har òg sett på korleis det har gått når elevane kjem på ungdomsskulen og har nasjonale prøver i 8. klasse. Resultata frå Nasjonale prøver viser at elevane på Hognestad gjer det stabilt godt i rekning. Det har variert litt i lesing dei siste åra, men me trur på stabilitet også der framover. I engelsk skårer elevane litt dårlegare enn gjennomsnittet i Time kommune, men det går betre og betre år for år, det tykkjer me er gildt. Litt meir detaljert ser me at elevane klarer greit oppgåver med

alternativ, faktaoppgåver og «leit og finn» oppgåver. Det er vanskelegare med lange oppgåver med fleire ledd, oppgåver der ein må tolke for å finna svaret, «kjedelege» oppgåver og divisjonsoppgåver i matematikk. Elevrådet gav uttrykk for at dei tenkjer at me burde starta tidlegare med divisjon, samt leseforståingsoppgåver i 4.klasse. Ikkje utsetja det som er vanskeleg. Elevrådet støtter lærarane sine tiltak og ynskjer å lesa meir og skriva eigne tekstar.

### **Sak 33) Eventuelt**

- Me fekk besök av Trygve Slagsvold Vedum og Geir Pollestad med fylgje sist veke. Det var kjekt med besök, han fekk gode spørsmål frå elevane, mange fekk autografi og ein liten drøs med dei to politikarane. Det vart ei gild stund.
- Bokveke; Kan ha med pute og ha i klasserommet. Klassane har kome med bok ynskjer som skulen vil forsøka å få tak i. Me vil starta veka med ei fellessamling «Kick-off», me vil bruka Boktopia og ha høgtlesing. Elevrådet kjem med ynskje om å ha ein skrivestafett.

Referent

Kristin Sando